


# Tilskot til kulturminne i Hordaland 2016

## Vern og vøling



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE







### **Kvalvåg seilsenter - ePhorte nr. 15/2159-1**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 20/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Austevoll
<b>Eigar:</b>	Stiftelsen Kvalvåg Seilsenter Hjellestadvegen 197B
<b>Kostnad:</b>	350.000,-
<b>Søknadssum:</b>	50.000,-
<b>Tilråding:</b>	0
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

#### Kulturminne

Hovedbygningen som er eit empireprega midtgangshus blei oppført ca.1825 Handelsstaden inkl hovedbygningen blei overtatt av Jan Pettersen i 1858, og var i familiens eige fram til 1963, då Leif Pettersen (oldebarn av Jan) overdrog hovedhuset "Pettersenhuset" til Bergen seilforening som ferie og tursted. I 1991 vert eigedomen omgjort til "Stiftelsen Kvalvåg Seilsenter". Stiftinga har gjort eit stort og viktig arbeid med vedlikehald og generell istandsetting, bl.a. er vinduer skiftet i løpet av siste 6-7 år, og nå i 2015 blei taket rehabilitert og då med ny takstein. Bygningen vil såleis vere til glede for mange i lang tid framover.

#### Tiltaket

Omsøkt tiltak går ut på å skifte taktekinga. Tiltaket er allereide utført.

#### Vurdering

Vi syner til retningslinene punkt 5.3. der det står at tiltaket ikkje skal vere påbyrja før søknaden er handsama, med unntak av der tiltaket er definert som strakstiltak (lekkasje m.m.) eller det er avtalt på førehand. Vi kan ikkje finne at administrasjonen er informert om oppstart, og / eller at tiltaket var eit strakstiltak i forkant av innsendt søknad. Tiltaket er elles profesjonelt utført, og var viktig for å verne bygningen.

Tiltaket er ferdig utført.

Tilråd avslag.



## Venelaget for Gruo, ePhorte nr. 15/2159-2

**Askeladden ID:**

**Tilstandsgrad:**

**Kommune:** Stord

**Eigar:** Venelaget for Gruo,  
Gruva 11,  
5415 Stord

**Kostnad:** 1037000

**Søknadssum:** 70 000

**Tilråding:** 20 000

**Sum tilskot siste 5 åra:** 0

### Kulturminne

Heistårn for Stord svovelkisgruver vart bygd i 1907 og tårnet er den synlege delen av anlegget og er som venelaget sjølv seier det "juvelen i anlegget". Gruo var den desidert største arbeidsplassen på Stord med meir enn 400 tilsette på det meste. Venelaget for gruo har lagt ned eit stort antal dugnadstimar for å ta vare på minner, gjenstandar, bygningar, foto mm. Gruo er svert etterspurt av skular, lag og organisasjonar, og har hatt over 1000 besøkande på "open dag". Ein har meint at nokre av tiltaka kunne skuvast på, men ein har no fått pålegg om å utbetre omsøkt tiltak, før tårnet kan opnast for publikum grunna fare for nedfall av betongbitar.

### Tiltaket

Taket i heissjakt, som er i armert betong, er i dårleg stand. Betongkonstuksjonen må reparerast. For å utbetre desse skadane må det monterast eit stillas slik at ein får utført dette arbeidet på ein forsvarleg måte.

### Vurdering

Venelaget har lagt ned ein stor innsats med istandsetting og formidling av dette anlegget, og Hordaland fylkeskommune har tidlegare løyvd 30 000 til andre tiltak på anlegget. Sikring og istandsetting av heistårnet er avgjerande for sikring og vidare drift og formidling. Retningslinene opnar for å drive medfinansiering av kommunale tilskot, noko som vil vere tilfelle her, så totalkostnaden for prosjektet er stor. Eit godt stillas er ein føresetnad for å komme i gang med arbeidet, og stillaset åleine representerer ein stor kostnad. Tiltaket har stor innverknad for moglege inntekter til venelaget då pålegget må vere innfridd før anlegget kan gjerast tilgjengeleg for publikum igjen.

Tilrå 20000,-



### **Garden Tveita i Fitjar ephorte nr. 15/2159-3 og 45**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 55/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Fitjar
<b>Eigar:</b>	Lars-Olav Tveita 5419 Fitjar
<b>Kostnad:</b>	450000
<b>Søknadssum:</b>	66500
<b>Tilråding:</b>	25000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

#### **Kulturminnet**

Sjølv om den aktuelle bygningen ikkje er mellom dei eldste gardane i Fitjar er det skriftlege kjelder frå denne garden som går attende til midten av 1600-talet. Garden ligg sentralt og godt eksponert like ved hovedvegen til Fitjar, og bygningen er av dei mest autentiske som er att i grenda. Bygningen representerer ei typisk lemstove, men med litt tilkneppa karaktertrekk frå m.a sveitserstilen der utkraga sperr i gavlen er ein lett synleg detalj.

#### **Tiltaket**

Planen er å restaurere vindauge, rastehelletaket og bordkledninga. Søknadssummen i denne omgang gjeld for restaurering og istandsetting av vindauge.

#### **Vurdering**

Dette er eit godt tiltak i ei tradisjonell lemstove som er godt bevart. Retningslinene peikar på at støtte skal brukast til å dekke antikvariske meirkostnader. Slik søknaden er formulert og i samtale med eigar, er dette vurdert som eit godt og stønadsverdig prosjekt. Huset er ikkje blitt særleg "modernisert" gjennom åra, og har såleis fått behalde stor grad av autentisitet. Når eigar vel å restaurere i staden for å "oppgradere" vitnar det om forståing for dei kvalitetane ein verdsatte tidlegare, og slik vidareføre og synleggjere ulike epokar i vår bygningshistorie. Vi finn at det omsøkte tiltaket er i tråd med retningslinene og tilrår stønad til istandsetting av vindauge.

Tilråding: kr 25000,-



**Våningshus på Osterøy ePhorte nr. 15/2159-5**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 1/3
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Osterøy
<b>Eigar:</b>	Tordis Reigstad Loftås 5281 Valestrandsfossen
<b>Kostnad:</b>	912500
<b>Søknadssum:</b>	50000
<b>Tilråding:</b>	0
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

**Kulturminne**

Våningshus på Osterøy. Det går ikkje fram av søknaden kva type hus dette er, men ut frå totalkostnaden i prosjektet er det forstått som ei rehabilitering/oppgradering. Søknaden spesifiserer i liten grad kva som skal gjerast, anna enn at det er mykje utskifting.

**Tiltaket**

Nytt tak, nye vindauge, nykledning mm.

**Tilråding**

Slik det går fram av søknaden er dette ei rein oppgradering. Jf. retningslinene er tilskot meint å dekke antikvariske meirkostnader. Søknaden peikar i liten grad mot det. Vidare er det ikkje noko som tyder på at dette prosjektet skulle representere ein meirverdi for ålmenta. Vi finn ikkje at tiltaket er i tråd med retningslinene for tilskot, og kan ikkje tilrå støtte.

Tilråd avslag.



## **Pakkhus i Strusshamn ePhorte nr 15/2159-7**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 10/17
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Askøy
<b>Eigar:</b>	Askøy kommune postboks 323, 5323 KLEPPESTØ
<b>Kostnad:</b>	-----
<b>Søknadssum:</b>	86 000
<b>Tilråding:</b>	20 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	200 000

### Kulturminne

Pakkhus i tre etasjer med loft, vindeark og kjellar frå 1918. Kulturmiljøet i Strusshamn består av mange bygningar der fabrikkbygningen er den sentrale. Blandt dei andre bygningane som inngår i dette kulturmiljøet finn vi møllebygningen (første møllebygningen etter initiativ av Hans Nielsen Hauge - i 1804) og to større lagerbygningar. I 1910 blei møllebygningen omgjort til sjoddy-fabrikk.

Huset er bygget i grovt bindingsverk, og det er nytta vokste knær. Sørveggen av huset går rett ned i sjøen, og dette gir en utfordring med tanke på vern og vøling.

Bygget inngår i anlegget til Arne Johannessens Shoddyfabrikk i Strusshamn, og ble i hovedsak brukt til sortering og pakking av shoddy (resirkulering av ullmaterialer).

### Tiltaket

Sørveggen på Pakkhuset har behov for vøling av vinduer og porter, maling og utbedring av takrenner mm. Veggen går rett ned i sjøen, og har ein vanskelig tilkomst.

### Vurdering

Kulturmiljøet sjoddien i Strusshamn er eit viktig identitetsskapande kulturminne med omfattande vedlikehalsbehov. Retningslinene gjev rom for å medfinansiere kommunale tilskot. Kulturmiljøet i Strusshamn har fått tilført ein god del midlar frå Fylkekommunen, men Askøy kommune har sjølv brukt fleire millionar. Det står framleis att mykje arbeid før ein er i mål, men forteneista er eit flott og viktig anlegg med stort brukspotensiale. Vøling av sørveggen av pakkhuset representerer ein del utfordringar i høve til stillasarbeida, noko som er kostnadsdrivande. Også i høve til tømrararbeida bør ein ha eit våkent blick for val av av materialar og metode for utføring, slik at ein ikkje bryt med tradisjonen. Vi finn at tiltaket er stønadsverdig og i tråd med retningslinene, og tilrår støtte.

Tilrår kr 20000.



### Grindbygd naust ePhorte nr. 15/2159-8

<b>Askeladden ID:</b>	281/2 - Gnr/Bnr
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Kvinnherad
<b>Eigar:</b>	Helga Skålnes Bygdavegen 107 5499 ÅKRA
<b>Kostnad:</b>	281 750
<b>Søknadssum:</b>	140 875
<b>Tilråding:</b>	20 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

#### Kulturminne

Grindbygd naust på gråsteinsmur med rasteheller på taket i eldre naustmiljø. Gråsteinsmuren er av rydningsstein og taket er av rasteheller, men og "rotahedla" - små restar og bitar av dels dårleg kvalitet. Her må det påreknast ein del supplerings. Naustet er det mest autentiske i denne naustrekkja og det er truleg frå før 1834.


#### Tiltaket

Omlegging av tak og reparasjon av tørrmur samt utskifting av råteskada kledning.

#### Vurdering

Omfattande tiltak på naust som er i bruk i ei større naustrekke. Retningslinene omtalar antikvariske meirkostnader som stønadeverdige, og i dette høvet vil istandsetting av rastehelletaket og tørrmuren vere gode døme på det. Tiltaket er av ein slik art at ikkje kven som helst kan utføre det, og eigen innsatsen vil difor vere i form av eigne midlar, før og etterarbeid. Opparbeiding av kompetanse og / eller vidareføring av tradisjonshandverk er eit viktig moment i vurdering av slike prosjekt, og dette tiltaket har stort potensiale for det. Søknadssummen er høg i høve til midlane vi har til rådvelde, og vi ber om at eigar søker Kulturminnefondet og andre instansar for å finansiere opp prosjektet. Vi finn tiltaket stønadsverdig, i tråd med retningslinene og tilrår støtte.

Tilrår kr: 20 000,-



## Herand båtbyggjarmuseum ePhorte nr. 15/2159-9

**Askeladden ID:** Gnr/Bnr - 10/93

**Tilstandsgrad:**

**Kommune:** Jondal

**Eigar:** Herand Båtlag  
5628 Herand

**Kostnad:** 288 000

**Søknadssum:** 100 000

**Tilråding:** 30 000

**Sum tilskot siste 5 åra:** 10 000

### Kulturminne

Grindverksbygg med skifertak brukt som båtbyggjarmuseum. Bygningen er gjennomgåande (med unntak av taket) i god stand. Skifertaket ligg direkte på leker, og det er ikkje sutak med sekundertetting under. Det medfører at det kjem inn ein god del smuss/støv på utstillinga / gjenstandssamlinga. Herand bygdelag leiger bygninga av Herand Båtlag, og det er dei som står som søker og skal førestå gjennomføringa av tiltaket.

### Tiltaket

Demontere - ta ned skiferen, legge sutak og sekundertetting, og så remontere skifertaket.

### Vurdering

Båtbyggjarmuseet er ein viktig formidlingsarena av båtbyggjarkulturen i Herand og tiltaket er avgjerande for å drive dette vidare på ein god måte. Hordaland fylkeskommune har tidlegare løyvd 10 000 til registreringsarbeid ved museet. Jf. punkt 6 i retningslinene kan ein vurdere tiltaket i høve til "i kva grad det kjem ålmenta til gode". Sidan dette er eit museum med mange gjenstandar utstilt/lagra ser ein særleg dette momentet som innfridd. Som museum og formidlar av eldre kunnskap i form av gjenstandssamling ser vi tydeleg trongen for å kunne ha betre kontroll på inneklimate, og vi tilrår tiltaket.

Tilrår 30000,-



### Den Stavangerske postveg ePhorte nr. 15/2159-10

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 71/6
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Os
<b>Eigar:</b>	Karl Lepsøe (statens vegvesen) Myrvollen 5, 5210 Os
<b>Kostnad:</b>	794 719
<b>Søknadssum:</b>	80 000
<b>Tilråding:</b>	0
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

#### Kulturminne

Gamal veg/postveg og tidlegare riksveg som i dag blir nytta som turveg. Vegen var i bruk som riksveg til 1954. I nærleiken finst ein historisk plass; rettarplassen - opplysningar for ein postranar som vart henretta der (Stegle). Muren er eit verdifullt teknisk kulturminne. Vegetasjon har gjort litt skade på tørrmuren. Det er naudsynt med restaurering av delar av muren

#### Tiltaket

Fjerne vegetasjon, reparere murar, oppattsetting av stabbesteinar samt grøfting og drenering

#### Tilråding

Vegen er mykje brukt som tursti og er på den måten eit viktig kulturminne som er tilgjengeleg og i bruk. Fylkeskommunen har ved fleire høve gjeve støtte til postvegane i Hordaland og saman med Statens vegvesen vore ansvarleg for utgjevinga av boka Postvegane i Hordaland. Postvegane er viktige kulturminne og vil oppmode eigar også å søkje Norsk kulturminnefond om midlar til tiltaket. HFK har øymerka midlar frå staten til postvegane i Hordaland. Tiltaket vil bli vurdert i høve til omsøkt beløp. HFK v/administrasjonen vil difor vurdere utbetaling av stønad til tiltaket i høve til desse midlane.

Tilråding: Avslag frå Vern og Vøling, men vurdert i høve til øymerka midlar til postvegane i Hordaland.

Tilrår kr 0



### Løebygning i eldre tun ePhorte nr 15/2159-11

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 70/4
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Fitjar
<b>Eigar:</b>	Ingebjørg Gloppen dødsbu v/Signe Gloppen
<b>Kostnad:</b>	136.698
<b>Søknadssum:</b>	100.000
<b>Tilråding:</b>	20.000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

#### Kulturminne

Løe og hønehus i intakt kulturlandskap og kulturmiljø. Tidlegare eigar (far til søkjar) var levande oppteken av å ivareta kulturlandskapet og det å halde bygningane i rimeleg stand. Det er/var totalt 11 bygningar på garden, og det er difor eit stort og kostnadskrevjande prosjekt å vedlikehalde desse på ein god måte.

#### Tiltaket

Søknaden gjeld byte av kledning på vegg mot sør på løe (gavlvegg) og sikring av tak og konstruksjon på hønehuset som er ein del av løa. Taket på løa er av skifer, med unnatak av taket på hønehuset som har steinheller. Veggene har ufalsa kledning. Løa er ein viktig bygning i eit tun som omfattar våningshus, løe, utedo og tre uthus ("skykkje", "eldhus" og "arbeidshus").

#### Vurdering

Råteskadene på kledninga i hønehus og løe har kome langt og det er behov for å skifte denne slik at ikkje skadeomfangar eskalerer. Jf. retningslinene 5.4 og 5.1. skal ein prioritere tiltak som har høg eigenandel i finansierings-planen, og vidare at tilskotet skal dekke antikvariske meirkostnader. I søknaden er det lagt opp til å bruke kledning av tilsvarande type som dagens kledning. Vi vil og oppmode eigar om å søkje Norsk kulturminnefond om støtte. Som det står under "tiltaket" er løebygningen viktig for heilskapen i tunet. Med så mange bygningar, må eigar få ein kompetent person til å utarbeida ei tilstandsregistrering der dei ulike tiltaka får ein prioritet.

Tilrår: kr 20.000,-



## Lemstove

ePhorte nr 15/2159-12

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 70/4
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Fitjar
<b>Eigar:</b>	Ingebjørg Gloppen dødsbu v/Signe Gloppen
<b>Kostnad:</b>	48 542
<b>Søknadssum:</b>	30 000
<b>Tilråding:</b>	0
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

### Kulturminne

Tradisjonell og opphavelig lemstove i inntakt kuturmiljø. Tidlegare eigar (far til søkjar) var levande oppteken av å ivareta kulturlandskapet og det å halde bygningane i rimeleg stand. Det er/var totalt 11 bygningar på garden, og det er difor eit stort og kostnadskrevjande prosjekt å vedlikehalde desse på ein god måte.

### Tiltaket

"Tilskotet skal nyttast til å skifte ut den søre vegg på våningshuset. Det er sannsynlegvis også naudsynt å erstatte vindaugget mot sør - dette blir anbefalt av handtverkar. I den søre delen av huset er det oppe eit soverom som vert brukt som lager. Her er det no klar fare for lekkasjar, spesielt rundt vindaugget. Nede er det ei lita stove og eit kammers. Målet med reparasjonane no er å sikre dette unike huset, og tunet, for framtida. Sjå også søknad om støtte til reparasjon av løe."

### Vurdering

Søkjar har sendt inn tre ulike søknader for ulike tiltak. Også dette er eit godt tiltak, men ein har i denne søknadsrunden valt å prioritere kledning på løe og hønehus då skaden der er størst. Med så mange bygningar vil det vere nødvendig å ha ei god plan og prioriteringsliste på dei ulike prosjekta. Ein tenker då at bygningane får ei tilstandsregistrering av fagmann, som og utarbeider ei liste med prioriterte tiltak som kan vedleggast i seinare søknadar.

Tilråding : Avslag



**Hufthamartunet      ePhorte nr 15/2159-14**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 41/23
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Austevoll
<b>Eigar:</b>	Austevoll kommune Kommunehuset, 5392 Storebø
<b>Kostnad:</b>	158 000
<b>Søknadssum:</b>	93 697
<b>Tilråding:</b>	63 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

**Kulturminne**

Heilskapleg tunmiljø med eldre og yngre våningshus, løe, stabbur og jordkjellar. Tunet er eit av dei best bevarte bygdetuna i Sunnhordland. Som ein ekstra verdi ligg bygningane på den opphavlege tomte. Dei ulike husa ligg langs ei smal gate. Denne vegstubben bind saman bygga og lagar ein intim stemning hus imellom. Det er skrivne kjelder om folka på garden som går attende til 1500 talet. Sjølv om det er gjort endringar på bygga opp igjennom åra har dei stor autentisitetverdi.

**Tiltaket**

Det vert søkt om ei rekke tiltak, både istandsetting og vedlikehald på fleire bygningar.

**Tilråding**

Jamfør retningslinene pkt.5.2 så er dette eit typisk "samarbeidsprosjekt" med kommunen. Hufthamartunet er eit fint og godt bevart tun med høg kulturminneverdi og formidlingspotensiale. I tillegg er dette eit prosjekt som "scorar" høgt i høve til fleire andre punkt som: - tilgjenge for ålmenta, høg kulturminneverdi, gjennomføringsevne mm. Med så mange hus i tunet vil det vere tenleg å ha ei prioriteringsliste for istandsetting / vedlikehaldsarbeidet, samt ha ei ordning for tilsyn for å sikre mot større og / eller uventa skadar -lekkasje eller stormskade. Istandsettingstiltaka det vert søkt om er vurdert som stønadsverdige, og vi vil tilrå støtte.

Tilråding: 63 000



**Saga på Gåssand ePhorte nr 15/2159-15**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 2/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Os
<b>Eigar:</b>	Jostein Gåssand Gåssandvegen 450 5212 Søfteland
<b>Kostnad:</b>	161 063
<b>Søknadssum:</b>	80 000
<b>Tilråding:</b>	20 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

#### Kulturminne

Eldre sag som har hatt stor økonomisk betydning for garden og som står i eit heilskapleg kulturmiljø. Saga der den no står var den første elektriske saga i kommunen, og då kommunen fekk bygge kraftanlegg der bygningen først stod (ved elva) var ein del av avtalen at saga skal ha gratis straum frå det nye kraftanlegget. I tillegg til sjølve saga er der og ein aksling i taket som kunne koblast på motoren via ei reim og dermed drive ulike verkty som slipestein mm.

#### Tiltaket

Omlegging av tak og reparasjon av sløys. Omlegginga gjeld for ei av takflatene som har dråpeskifer. Spesielt ut mot raftet ser ein at skadeomfanget er aukande, men det har og løsna stein inne på takflata. Det kan tyde på at innfestinga er i ferd med å ruste. I samband med reparasjon av sløysen må og kledningen i øvre del av gavlen vurderast nøye.

#### Vurdering

Denne saga er eit viktig teknisk kulturminne som og er ein viktig del av eit heilskapleg kulturmiljø, som mellom anna inneheld eit nyleg istandsett kvernhus. Jf. retningslinene 5.2. opnar ein for medfinansiering av kommunalt tilskot. Dette prosjektet vil vere eit spleiselag mellom eigar, Os kommune og Hordaland fylkeskommune. Omlegging av tak med denne type tekking krev kompetanse ein som regel må leige inn. Vi finn at tiltaket, både omlegging av taket og reparasjon av sløysen er stønadsverdige, og tilrår løyving til desse tiltaka.

Vi vil samstundes oppmode søkjar om å søkje Kulturminnefondet og eventuelt andre om støtte til tiltaket.

Tilrår: 20000



**Husmannsstove**      **ePhorte nr 15/2159-16**

**Askeladden ID:**                      Gnr/Bnr - 26/3

**Tilstandsgrad:**

**Kommune:**                              Odda

**Eigar:**                                      Olav A. Berge  
5760 Røldal

**Kostnad:**                                140 000

**Søknadssum:**                        30 000

**Tilråding:**                               25 000

**Sum tilskot siste 5 åra:** 0

**Kulturminne**

Lita husmannsstove som har gjennomgått få endringar og er svært opphavelig både i eksteriør og interiør. Ei av få attståande av rundt 100 i bygda. Bygningen har eit treromsplan - stove, kammers og bislag. I tillegg er det ein skut i bindingsverk.

"Byantikvar anser dette som et viktig kulturminne med en svært interessant historie. Det har lokal verdi fordi det forteller om levemåte og livsstiler i Røldal, det er ett av få hus av denne typen som står intakt, og det ligger rett ved et automatisk fredet kulturminne."

**Tiltaket**

Drenering, reparasjon av grunnmur, syllstokk, vindu samt sikring av tak

**Vurdering**

Svært intakt husmannsstove som er ein av dei få attståande representantane for denne buforma. Sikring og istandsettingstiltaka er viktige for å hindre vidare forfall. Tiltaket samsvarar godt med både punkt 5 og 6 i retningslinene. Tiltaka som er lista opp er alle både viktige og stønadsverdige, og vi tilrår støtte til tiltaket. Ei meir omfattande istandsetting vil på litt sikt verte aktuell, og vi vil tilrå at eigar søker Kulturminnefondet og eventuelt andre om støtte i den samanheng. Vi vil og be om at eigar dokumenterer prosessen på ein enkel måte, til dømes med før og etterbilete.

Tilrår kr 25 000



**Smaleflor** ePhorte nr 15/2159-17

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 50/3
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Radøy
<b>Eigar:</b>	Svein Ole Haugen Radøyvegen1485, 5936 Manger
<b>Kostnad:</b>	62 856
<b>Søknadssum:</b>	20 000
<b>Tilråding:</b>	10 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

**Kulturminne**

Eldre tørrmura smaleflor med bølgjeblekktak. Norhordland har god og lang tradisjon for tørrmuring. Slike uthus finn ein mange av i regionen og det er viktig å støtte opp om tiltak som vidarefører bruken. Når denne type steinmurar vert ståande utan tak og eksponert for ver og vind, vil ein over tid sjå at murane får skader.

**Tiltaket**

Å bygge nytt tak på vårfloren.

(Tiltaket vart igangsett før søknadsfristen i overenskomst med repr. for Kulturavdelinga)

**Vurdering**

Vårfloren / smalefloren er i bruk og er ein viktig del av kulturlandskapsskjøtselen i Morken og Nøttveitområdet. Jf. retn-ingslinene skal høg eigenfinansiering/innsats vektleggast. I dette høvet er det lagt opp til at eigar bidreg med 2/3 av kostnadsramma. Istandsetting og tilretteleging for at smalefloren framleis kan brukast er ein god måte å sikre kulturminnet på, i lang tid frametter. Vi vurderer tiltaket som stønadsverdig og tilrår søknaden.

Tilrår kr 10000,-



### Lia - Samanbygd anlegg ePhorte nr 15/2159-18

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 18/3
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Odda
<b>Eigar:</b>	Åge Helge Botnen Seimsvegen 21, 5760 Røldal
<b>Kostnad:</b>	125 000
<b>Søknadssum:</b>	30 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

#### Kulturminne

Humannsplass med samanbygd løe og våningshus frå tidleg 1800-tal der det er gjort svært få endringar. Plassen er eksponert for forbipasserande på E-134. Heile tunskipnaden, tilkomstveg, bygningar og kulturlandskap er inntakt. Såpass autentiske anlegg ser ein skjeldnare og det er av den grunn viktig å støtte opp om tiltak for å halde dei i stand. Flott representant for eit smålåte livsgrunnlag som ikkje ligg så svert langt attende i tid.

#### Tiltaket

Det er opplyst om fire ulike tiltak i søknaden:

- Reparasjon av grunnmur på sørvestsida
- oppretting av konstruksjonen i løa
- reparasjon/skifting av utvendig kledning
- reparasjon av inngangsdør

#### Vurdering

Humannsplassen Lia er ein av få i denne kategorien bygg, som har unngått større modernisering. Graden av autentisitet og kulturminneverdi blir dermed styrka. Lokaliseringa medfører at den er godt eksponert frå E134, som ligg på andre sida av elva. Dette er eit samanbygd anlegg i tillegg til at det representerer ei av dei få attverande husmannstovene i fylket vårt. Tiltaket samsvarar godt på fleire punkt med retningslinene og er vurdert som stønadsverdig.

Tilråding: kr 30000,-



**Gamlaløa på Frette ePhorte nr. 15/2159-19 og 25**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 63/2
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Etne
<b>Eigar:</b>	Randi Frette Frette 5590 ETNE
<b>Kostnad:</b>	1 045 820
<b>Søknadssum:</b>	300 000
<b>Tilråding:</b>	25 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

**Kulturminne**

Grindløe med truleg høg alder med rasteheller på eine sida og dråpeskifer på den andre. Løa vart delt i samband med utskiftinga i 1862, men detaljar i konstruksjonen og i form av merking kan tyde på vesentleg høgare alder. Initiativ som går på å finne ein ny bruksmåte er viktig dersom denne type bygningar skal kunne takast vare på. Vi har i dag fleire gode døme på landbruksbygningar som har fått eit "nytt liv" gjennom ny bruk, etter at dei er sett i stand.

**Tiltaket**

Sikring og reparasjon av grind- og takkonstruksjon.

**Vurdering**

Grindløer av denne alderdommelege typen blir det stadig færre av og det er positivt at eigaren vil sette i stand bygninga og sjå på ny bruk. Det omsøkte tiltaket er å forstå som Istandsetting/reparasjon i deler av bygningen, og fell greit innafør vilkåra i retningslinene for tildeling av støtte. Søknadssummen er høg i høve til dei midlane vi har til rådvelde og bygningen vil på sikt måtte gjennomgå ei meir omfattande istandsetting. Vi vil tilrå at eigar søker Kulturminnefondet og / eller andre stader om støtte i den samanheng.

Tilrår: Kr 25 000,-



**Tømra smie** **ePhorte nr 15/2159-20**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 293/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Voss
<b>Eigar:</b>	Henrik Straume Holbygdvegen 299 5712 Vossestrand
<b>Kostnad:</b>	117 150
<b>Søknadssum:</b>	60 000
<b>Tilråding:</b>	15 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

**Kulturminne**

Tømra smie med skifertak frå 1935. Var i bruk som kombinert smie og røykehus fram til 1970. Mest i bruk som røykehus i dag.

**Tiltaket**

Omlegging av tak, skifte opplengjer, kledning og vindu samt reparere grunnmur og legge nytt golv.

**Vurdering**

Greit og overkommeleg prosjekt som for ein stor del fell greit inn under vilkåra i retningslinene. Vi vil og tilrå at eigar søker Kulturminnefondet og eventuelt andre om støtte. Vi vil og be om at eigar dokumenterer prosessen på ein enkel måte, til dømes med før og etterbilete.

Tilrår: 15.000,-



**Smie i Kvalvågen      ePhorte nr 15/2159-21**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 147/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Austrheim
<b>Eigar:</b>	Svein og Eileen Daae Kvalvågen 95
<b>Kostnad:</b>	1 162 970
<b>Søknadssum:</b>	50 000
<b>Tilråding:</b>	20 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

**Kulturminne**

"Garden Kvalvågen er nemnd i skriftar frå 1500-talet. Her har m.a vore tingstad, handelstad, bøkkarverkstad, storgard, miljø for jakter med naust og sjøbu. Her var kvalfangst, og vi finn restar etter ein straummølle. Smia er ifølgje SEFRAK frå 1800-talet, og ligg på tunet i eit unikt kulturminnemiljø på Toftegård som kommunen vil vurdere som høg kulturminneverdi i kulturminneplanen. Smia må vølast for å hindre tap av eit viktig kulturminne."


**Tiltaket**

Smia er i dårleg forfatning og treng omfattande vøling. Tetting av taket vil ha første prioritet.

**Vurdering**

Smia er viktig først og fremst som del av bygningsmiljøet på Toftegård, men og som tidsvitne for det mangfaldet av handverkarkompetanse ein tidlegare måtte rå over på ein gård. Vi vurderer søknaden som stønadsverdig, og tiltaket fell greit inn under vilkåra i retningslinene. Vi vil oppmode søkjar om å søkje Norsk kulturminnefond og andre om støtte, då tiltaket er såpass kostnadskrevjande.

Tilrår: 20000



## Gadnhus på Sævarøy ePhorte nr 15/2159-22

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 166/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Austrheim
<b>Eigar:</b>	Bente-Helen Rinde Alvestad og Kjetil Alvestad
<b>Kostnad:</b>	130 000
<b>Søknadssum:</b>	30 000
<b>Tilråding:</b>	25 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

### Kulturminne

Ei mindre tømra sjøbu/garnhus med liggande kledning, (dels festa med trenaglar) og tegl på taket. Sjøbruk var ein viktig del av livsgrunnlaget for fiskarbøndene, og det gjev seg og utslag i eit mangfald av bygningstypar som er knytt til denne forma for livsopphald av stort og smått. Bygningar knytt til sjøbruk kjem fort i skuggen av meir prangande bygg i innlandet, men dei er like viktige som historieforteljande element. Ei historie om å tøffe vilkår i eit tøft klima. Om nøysemd, gode (smarte) løysingar i forhold til vind og ver, osb.

### Tiltaket

Planen er å setje bygningen i stand ved å legge ny takstein og skifte ut kledningen som no er moden for utskifting.

### Vurdering

Jf. retningslinene skal midlane nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet. Denne bygningen er med og syner mangfaldet av bygningstypar som var/er knytta til sjøbruk. Vi ber om at eigar så langt råd er kopierer materialtype og dimensjon på kledninga, og tilsvarande for taksteinen. Vi vil og be om at eigar sender rapport der prosessen er dokumentert på ein enkel måte, til dømes med før og etterbilete. Vi vurderer tiltaket som stønadsverdig, og tilrår støtte.

Tilrår: 25 000



### Skulestova på Unneland ePhorte nr 15/2159-23

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 292/14
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Arne Unneland Unnelandsvegen 264
<b>Kostnad:</b>	95 920
<b>Søknadssum:</b>	45 000
<b>Tilråding:</b>	15 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	20 000

#### Kulturminne

Lafta trebygning i hovedsak. Gangen i skulestova er oppført i bindingsverk. Innvendig er alle deleveggane i tømmer fjerna, relativt nytt golv (omlag 1970) Grunnmur i naturstein. Det er allereide brukt mykje ressursar på å føre bygningen attende til opphavleg utsjånad, der mellom anna vindauga er kopiert og har fått tilbake den inndelinga som var opphavleg.

#### Tiltaket

Tilskotet er tenkt nytta til Innvendig istandsetting av Skulestova. Elles er planen å erstatte platetaket som ligg der i dag med skifertak.

#### Vurdering

Jf. Retningslinene må følgjande vilkår vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet. Tiltaket fell greit innafor retningslinene. Skulehuset er eit viktig historisk og identiteskapande bygg i bygda og har høg kulturminneverdi og stort formidlingspotensiale. Det er allereide gjort eit stort arbeid i å sette bygningen i stand utvendig. Vi vurderer tiltaket som stønadsverdig og tilrår støtte.

Tilrår kr 15000,-



### Grindverksløa på Mjøs ePhorte nr 15/2159-24

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 16/4
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Radøy
<b>Eigar:</b>	Mona Steiner Brekkan Øvre Mjøs 11 5939 Sletta
<b>Kostnad:</b>	238 750
<b>Søknadssum:</b>	75 000
<b>Tilråding:</b>	25 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	20 000

#### Kulturminne

Grindverksløe på Mjøs. 3 grinder med øksa stavar. Løa har innrissa årstalet 1808 på murveggen, men truleg er bygget frå 1700-talet. Del av eit verneverdig gardstun. Eigar ønskjer å nytte løa i undervisningssamanheng. Det er allereide utført eit stort arbeid med å sette deler av grunnmuren (tørrmur) i stand.

#### Tiltaket

Nedtaking / demontering av eksisterande bygg for å få betre oversikt over skadeomfang før vidare istandsetting.

#### Vurdering

Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet.

Prosjektet har ei grei plan som inneber gjenbruk/kopiering av primærkonstruksjonen, og elles ligge innafor dei fysiske rammene som grunnmuren og tørrmurte yttervegger gjev. Det er gjennomarbeidde planar for isandsetting og ny bruk i dette prosjektet; noko som er viktig for bevaring og formidling av kulturminnet. Vi vurderer tiltaket som stønadsverdig, og tilrår støtte.

Tilrår kr 25.000,-



## Arbeidarbustad Hiskholmen ePhorte nr 15/2163-26

**Askeladden ID:**

**Tilstandsgrad:**

**Kommune:** Bømlo

**Eigar:** Kjell Steinsvåg  
Hiskav. 793

**Kostnad:** 1 490 000

**Søknadssum:** 1 490 000

**Tilråding:** 20 000

**Sum tilskot siste 5 åra:** 0

Bilete er ikkje av det aktuelle huset, men hovudbygningen det er knytta til.

### Kulturminne

Søknaden gjeld ein bygning som ligg i tilknytning til dei freda bygningane på Hiskholmen. Bygningen er omtala som arbeidarbustad, og kan vere oppført seint på 1700 talet. Anlegget på Hiskholmen er elles godt bevart, medan den omsøkte bygningen har vore mindre påakta.

### Tiltaket

"Restaurering av de ytre skall - Kledning +diverse istandsettingsarbeid." Søknaden (v/tilbod frå byggmeister) beskriv ei omfattande oppjustering av bygningen, der mykje av arbeida ikkje fell inn under retningslinene for tilskot.

### Vurdering

Jf. retningslinene pkt. 5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafør kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet. Og pkt. 6 - - Kulturminnet sin kulturminneverdi og viktighet av tiltaket.

Her er den omsøkte bygningen vurdert som del av heilskapen i anlegget, både bygningsmessig og økonomisk. Vi vurderer deler av tiltaket som stønadsverdig, og tilrår støtte til rehabilitering /restaurering av mellom anna kledning, og andre utvendige bygningselement.

Tilråding 20 000,-



<b>Naust</b>	<b>ePhorte nr 15/2159-27</b>
<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 13/48
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Fusa
<b>Eigar:</b>	Wenche Gullaksen Holmefjord Holsundvegen 87 5642 Holmefjord
<b>Kostnad:</b>	158 000
<b>Søknadssum:</b>	89 000
<b>Tilråding:</b>	20 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

#### Kulturminne

Naust med tørrmurte veggjar og sperretak med rasteheller. Istandsetting av denne typen konstruksjonar (spesielt tørrmur og rasteheller) er viktige arenaer til å vidareføre og drive opplæring i tradisjonelle handverksteknikkar. På dette prosjektet er det tenkt ivareteke ved at Bygningsvernssenteret Voss Hardanger, skal ha hand om istandsettinga.

#### Tiltaket

Tilskot skal nyttast til restaurering av naust i samarbeid med Fusa kommune og Bygningsvernssenteret Voss. Restaureringa vil omfatte istandsetting av tørrmurar, restaurering av rastehelletak samt restaurering av trearbeid i gavlar og dører. Restaureringsarbeidet er tenkt gjennomført over to år i fire steg.

#### Vurdering

Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet.

5.2 Midlane kan nyttast til medfinansiering av kommunale tilskotsordningar.

Dette prosjektet kombinerer både restaurering og opplæring i tradisjonelle handverksteknikkar (tørrmuring, omlegging av rastehelletaket samt tømrararbeida). Vi vurderer tiltaket til å falle innafor retningslinene, og tilrår støtte.

Tilrår: 20 000



**Ragde gård** ePhorte nr 15/2159-28

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 57/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Odda
<b>Eigar:</b>	Olav Ivarson Ragde Tyssedalsvegen 14 A Boks 75 5751 Odda
<b>Kostnad:</b>	103 125
<b>Søknadssum:</b>	40 000
<b>Tilråding:</b>	0
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

**Kulturminne**

Ragde gård har pågåande angrep av stripet borebille (mit eller mått)

**Tiltaket**

Leige inn Cytox - Behandling/fjerning av stripet borebille

**Vurdering**

Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet. Sidan eigar har fått ein god del støtte frå Kulturminnefondet til dette tiltaket, finn vi å ikkje prioritere søknaden i denne omgang og tilrår avslag.

Godt tiltak, men lite midlar til fordeling.

Tilrår: 0



**Kvelvingsbru** **ePhorte nr 15/2159-29**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 47/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Odda
<b>Eigar:</b>	Henning Seim Grønsdal Grønsdal, 5750 Odde
<b>Kostnad:</b>	210 000
<b>Søknadssum:</b>	100 000
<b>Tilråding:</b>	35 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

#### Kulturminne

Kvelvingsbru med to kvelvingar i tørrmur. Dette er eit kulturminne som er prioritert høgt av fleire tilskottsgjevarar. Ein har lite erfaring med reparasjon av slike kvelvingsbruer, slik at her kan vi hauste mykje kunnskap som vil bli dokumentert for ettertida.

#### Tiltaket

Konstruksjon av forskaling og reparasjon av steinbrua. Arbeidet vil utføres under oppsyn av eksperter i tørrmuring, som også vil prosjektere forskaling. Byantikvar vil overse arbeidet og koordinere. Broen vil derfor repareres med tørrmuring. Dette vil kreve konstruksjon av full forskaling.

#### Vurdering

Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet.

5.2 Midlane kan nyttast til medfinansiering av kommunale tilskotsordningar for kulturminnevern.

Og vidare under pkt. 6 -

- Kulturminnet sin kulturminneverdi og viktighet av tiltaket
- Søkjar sin kompetanse og gjennomføringsevne
- I kva grad tiltaket kjem allmenta til gode

Eit viktig samferdslehistorisk kulturminne med høge arkitektoniske og handverksfaglege kvalitetar. Tiltaket er no ferdigstilt, men søknaden var sendt inn etter samråd med administrasjonen. Tiltaket er eit spleiselag mellom mange aktørar som t.d. Norges vassdrag- og energidirektorat, Vestenfjelske Bykreditts Stiftelse, Odde kommune, Kulturminnefondet og HFK. Vi vurderer tiltaket som stønadsverdig og tilrår støtte.

Tilråding: kr 35 000,-



**Tørrmura naust      ePhorte nr. 15/2159-30**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 123/3
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Tysnes
<b>Eigar:</b>	Margareth Hiartåker Nedre Ulsetskogen 77, 5119 ULSET
<b>Kostnad:</b>	114 000
<b>Søknadssum:</b>	38 000
<b>Tilråding:</b>	25 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

**Kulturminnet**

Naust i tørrmur og med to omfar tømre oppå. Sperretak med villskiferheller med tilnærma rastehellemønster. At bygningen er i bruk og i god stand er den beste forsikringa for at vanleg og viktig ettersyn og vedlikehald etter istandsettinga vert utført.

**Tiltaket**

Tilskotet skal nyttast til å setja naustet i stand så det kan brukast som før igjen. (Det er allereide gjort arbeid for å redde naustet, men det er ikkje søkt om støtte til det som allereide er utført)

**Vurdering**

Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet. Og vidare under pkt. 6 -  
- Kulturminnet sin kulturminneverdi og viktighet av tiltaket

Eldre naust med alderdommelege trekk i byggemåte som framleis vil bli brukt som naust når det er ferdig istandsett. Vi vurderer tiltaket som stønadsverdig, i tråd med retningslinene, og vi tilrår støtte.

Tilråding kr 25000,-



**Naust i tørrmur      ePhorte nr 15/2159-31**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 1/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Jondal
<b>Eigar:</b>	Siri Hellesøy, Øystein Søbstad Kalvedalsv. 6, 5022 Bergen
<b>Kostnad:</b>	416 500
<b>Søknadssum:</b>	50 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

**Kulturminnet**

Naust i tørrmur og med to omfar tømre på langveggane oppå. I gavlane var det laft til mønet. Sperretak med villskiferheller. Takkonstruksjonen har brote saman, og må byggast på ny. I tillegg er det skader i deler av murverket som er tenkt istandsett i fase 1.

**Tiltaket**

Tilskotet skal nyttast til å setja i stand murverka på naustet. Dette inngår som del 1 i ein plan om å restaurera heile naustet, inkl. trekonstruksjonar i gavlar og tak og tilbakeføring av takheller.

**Vurdering**

Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet. og vidare under pkt. 6 -

- Kulturminnet sin kulturminneverdi og viktighet av tiltaket

- I kva grad tiltaket kjem allmenta til gode

Eldre naust med alderdommelege trekk i byggemåte som vil bli brukt som naust når det er ferdig istandsett.

Å vidareføre bruken av naustet medfører ein meirverdi, då det i større grad sikrar for framtidig vedlikehald.

Tiltaket er vurdert å falle greit innafor retningslinene for tilskot, og vi tilrår støtte. Vi vil samstundes be om ein enkel rapport på arbeidet, t.d. i form av dokumentasjon i form av før og etter bilete.

Tilråding kr 30000,-



### Flytting av skulestove ePhorte nr. 15/2159-32

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 121/3
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Strandebarm
<b>Eigar:</b>	Johan Storm Munch Strandebarmsvn 400, 5630 Strandebarm
<b>Kostnad:</b>	518 000
<b>Søknadssum:</b>	100 000
<b>Tilråding:</b>	0
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

#### Kulturminnet

"Skolebygg fra 1864 Størrelse: 10x15 alen, 5 alen takhøyde 6,40,9,30, 310 takhøyde. (konstruksjon av yttervegg - plankelaft med mosefar, 1 etasje med åpent loft, fem høye vinduer i sveitserstil (grindverk, lafta tømmer, liggende panel som blir gjenbrukt.)"

#### Tiltaket

"Tilskuddet skal delfinansiere den antikvariske restaureringen av skolehuset. Det er viktig at huset i alle detaljer fremstår som det huset Hans E. Kinck gikk på . Ved å plassere skolehuset på Kincktunet blir fortellingen om dikteren Hans E. Kinck konsentrert og detaljrik. samtidig som skolehuset bevarer sin opprinnelige funksjon, men nå som skolemuseum".

#### Vurdering

Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet.

Og under pkt. 6

- Kulturminnet sin kulturminneverdi og viktighet av tiltaket
- Søkjar sin kompetanse og gjennomføringsevne
- I kva grad tiltaket kjem allmenta til gode

Flytting av bygningar er noko kulturminneforvaltninga i utgangspunktet ikkje støttar. Det går på at viktige kvalitetar - geografisk plassering, forholdet til landskapet eller konteksten ein bygning står i vert skipla i den grad at det kan bli framandgjort. Dette er eit tiltak som kanskje er bra målt ut frå andre kriterier enn dei reint kulturminnefaglege. Men denne tilskotsordninga er tufta på å løyve midlar til kulturminne der dei står. Vi tilrår derfor avslag.

Tilrår kr 0



**Røykstove** **ePhorte nr. 15/2159-33**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 18/8
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Austevoll
<b>Eigar:</b>	Jan Tufteland Holtaåsen 25, 5239 RÅDAL
<b>Kostnad:</b>	95 000
<b>Søknadssum:</b>	60 000
<b>Tilråding:</b>	25 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	30 000

**Kulturminnet**

Tømra røykstove frå 1770 med jordgolv, grue, ljore, torv på taket. Det meste av primærkonstruksjonen er i tilfredsstillande stand - lafteverk, sperr og det meste av sutaket. Bygningselement som vindauge og dører er av vesentleg yngre dato og må dels restaurerast og / eller kopibyggest.

**Tiltaket**

"Me har funne gamle teikningar og ynskjer føra bygget attende til slik det var med å forlengje taket med 1.5 m. Tilskotet skal nyttast til matrial som er tilskorne på sag i Austevoll. Erik Solheim frå Førde, som har vølt gamle hus også i fylkesregi har teke på seg arbeidet. Elles treng me to nye dørar og det meste av torva må skiftast."

**Vurdering**

Jf. retningslinene pkt. 5 - Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet.

Ei godt bevart røykstove frå ein periode som er dårleg representert på museer og elles. Vi finn det omsøkte tiltaket å vere i tråd med retningslinene og tilrår støtte.

Tilrår kr 25.000,-



**Samanbygd anlegg ePhorte nr 15/2159-34**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 155/15
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Austrheim
<b>Eigar:</b>	Linda og Trygve Syslak Hoplandsjøen 79, 5943 Austrheim
<b>Kostnad:</b>	574 000
<b>Søknadssum:</b>	90 000
<b>Tilråding:</b>	20 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	50 000

**Kulturminnet**

"Samanbygd anlegg, våningshus og løe/lor, datert 1734/1850. Huset er to laftestover med mellombygg. Denne søknaden omhandlar restaurering av våningshuset. Tak, yttervegger, pipe, vindauge og bjelkelag/grunn."

**Tiltaket**

Reparere tak, fjerne kledning, vurdere laft, isolere og kle på nytt. Rehabiliter pipe for bruk til vedfyring igjen. Restaurere vindauge. Vurdere bjelkelag og grunnforhold. Tiltaka er gjort greie for i vedlegg.


**Vurdering**

Jf. retningslinene pkt. 5 - Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet.

Isolering av tak og vegg er å rekne som oppgradering og vert ikkje proritert. Rehabilitering av pipe, restaurering av vindauge, rehabilitering / kopiering av kledning og taktekinga er stønadsverdige tiltak.

Tilrår Kr 20.000,-



**Mindre notabu** ePhorte nr 15/2159-35

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 19/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Fitjar
<b>Eigar:</b>	Friluftsrådet vest P.b.63 5575
<b>Kostnad:</b>	307 000
<b>Søknadssum:</b>	100 000
<b>Tilråding:</b>	25 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

**Kulturminnet**

Mindre grindbygd (to grindar) notabu frå 1850. Rasteheller på taket og liggande kledning som er festa med trenaglar på veggane.

**Tiltaket**

Notabua er under istandsetting nærmast på dugnad mellom andre av mannskapet som opererer Friluftsrådet vest sin båt i regionen. Taktekkinga/hellene må av, sperrene skiftast og hellene leggest oppatt. Kledninga og primærkonstruksjonen er råteskadd og delar av den må bytast ut.

**Vurdering**

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet.

Viktig kulturminne i sjøbruksmiljø i mykje brukt friluftsområde som har stort formidlingspotensiale. Ein føresetnad for tilskot er at ein fylgjer prinsipp for antikvarisk istandsetting; dvs at ein nyttar same materialkvalitet og dimensjonar som opphaveleg. Vi vurderer tiltaket som stønadsverdig og tilrår stønad.

Tilrår: Kr 25 000,-



**Hageanlegg** ePhorte nr 15/2159-37

**Askeladden ID:** Gnr/Bnr - 41/4  
**Tilstandsgrad:**  
**Kommune:** Bergen  
**Eigar:** Synnøve Kløve-Graue  
Wernersholmvegen 21A

**Kostnad:** 281 500  
**Søknadssum:** 40 000  
**Tilråding:** 0  
**Sum tilskot siste 5 åra:** 0

**Kulturminnet**

Eldre verneverdig hageanlegg med trapp ved Nordåsvannet i Bergen.

**Tiltaket**

Etappevis demontering av murverket i trappa. Graving, masseutskifting og oppattmuring. Fundamentering av kvar seksjon av trappa etter som ein arbeider seg nedanfrå og oppover. Muring av underlag for steghellene og legging av stegheller med godt forband (overlapping) innover og under neste steg.

**Vurdering**

Verneverdig hageanlegg med trong for opprustning og restaurering. Hageanlegget har privat karakter og er lite tilgjengeleg for ålmenta jfr. retningslinene. Vi finn difor ikkje grunnlag for å tilrå denne søknaden nå då det er avgrensa midlar til fordeling.

Tilrår: Avslag



## **Jordkjellar**

**ePhorte nr 15/2159-38**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 208/185
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Herman Jelstad Åsligrenda 53B 5115 Ulset
<b>Kostnad:</b>	180 000
<b>Søknadssum:</b>	60 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

### **Kulturminnet**

"Jordkjellaren er ein klassisk vestnorsk jordkjellar bygd etter utkragingsprinsippet. Han er éin av bygningane i det opphavlege gardstunet på garden Åsen, ein gong skild ut frå Rolland, i Åsane bydel. Rundt tunet er reist eit særmerkt moderne bustadfelt med sterk indre einskap i planløyising og utforming, Åsligrenda. Dei gamle bygningane, bustadhus, løe og jordkjellar, kan sjåast som delvis integrerte i det nye bustadmiljøet, delvis sterkt kontrasterande. Dei fungerer som knaggjar for minnet om den garden som ein gong vart driven her og historiene som er knytt til den."

### **Tiltaket**

Istandsetting av jordkjeller. Arbeidet medfører at ein må avdekke murverket; dvs at torva må fjernast slik at skadane i murverket blir tilgjengelege og kan settast istand. Jordkjellarane er laga i tørrmur; dvs stein utan bindemiddel. Utanpå den tørrmurte konstruksjonen er det lagt torv som eit isolerande lag.


### **Vurdering**

Jf. retningslinene pkt. 5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet.

Pkt. 6 - I kva grad tiltaket kjem allmenta til gode.

Jordkjellaren er eit viktig historiefortellande element midt i drabantbyen. Tunet med jordkjellar, løe og våningshus vitnar om den gamle jorbruksbygda Åsane og er viktig som formidlingsarena. Istandsettinga av murverket er tradisjonshandverk og krev god kompetanse frå fagperson med røynsle frå liknande prosjekt. Vi finn at heile tiltaket fell inn under retningslinene og vi tilrår støtte.

Tilråding: 30000



**Lemstove** **ePhorte nr 15/2159-40 og 44**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 226/2
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Lindås
<b>Eigar:</b>	Anders Heimvik Signalveien 10, 1597 Moss
<b>Kostnad:</b>	1 700 000
<b>Søknadssum:</b>	50 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

**Kulturminnet**

Klassisk lemstove med liggande kledning og dråpeskifer på taket. Tiltaket vil over litt tid omfatte ei stor oppgradering av bygningen. Eigarane har vist interesse for å behalde/gjenbruke mykje originalmateriale, slik at ein får ivareteke mykje av opplevingsverdien i bygningen.

**Tiltaket**

Som strakstiltak: Bytte av tak (gjenbruk av skifer), takrenner.


**Vurdering**

J.f. retningslinene skal midlane nyttast til tiltak innafør kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet.

A legge om taket er eit nødvendig tiltak for å sikre dette kulturminnet. Vi finn at det omsøkte tiltaket, fell inn under retningslinene og tilrår støtte til omlegging av taket.

Tilrår kr 30.000,-





### Sjøbu

**ePhorte nr 15/2159-46**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 70/4
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Fitjar
<b>Eigar:</b>	Ingebjørg Gloppen dødsbu v/Signe Gloppen Vilberggrenda 9, 0687 Oslo
<b>Kostnad:</b>	57 000
<b>Søknadssum:</b>	50 000
<b>Tilråding:</b>	20 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0



#### Kulturminnet

Søknaden gjeld restaurering av ei gammal notabu i Gloppevågen, Fitjar. Dette er ei enkel bu med dørar ut mot sjøen med tanke på å kunne laste ut og inn nøter frå sildabåtane. Tidlegare eigar (far til søkjar) var levande oppteken av å ivareta kulturlandskapet og det å halde bygningane i rimeleg stand. Det er/var totalt 11 bygningar på garden, og det er difor eit stort og kostnadskrevjande prosjekt å vedlikehalde desse på ein god måte.

#### Tiltaket

Tilskotet skal nyttast til å restaurera notabua slik at den kan brukast og bevarast vidare.

#### Vurdering

Jf. retningslinene skal tilskotet nyttast til å dekke antikvariske meirkostnader. Dette er ein viktig bygning for å ta vare på heilskapet anlegget, og der sjøbua er eit viktig innslag i kulturmiljøet.

Søkjar har inne tre søknader, der to er tilrådd stønad. Med så mange bygningar (11) vil det vere nyttig å utarbeide ein tilstandsvurdering, restaureringsplan og ei prioriteringsliste.

Tilrår 20 000



**Steintrapp** ePhorte nr 15/2159-47

**Askeladden ID:** Gnr/Bnr - 163/328

**Tilstandsgrad:**

**Kommune:**

**Eigar:** Nina Øyen  
Lappen 13,  
5009 Bergen

**Kostnad:** 330 000

**Søknadssum:** 50 000

**Tilråding:** 0

**Sum tilskot siste 5 åra:** 0

**Kulturminnet**

"Med sine 18 steg spenner trappa over ein høgdeskilnad på godt og vel 3 meter. Trappa er utført på tradisjonelt bergensk vis med skiferhelle øvst, underbygd med eit murliv i naturstein. Skiferhellene stikk 1"-1,5" utanfor murlivet under.

**Tiltaket**

Istandsetting av murt trapp; dvs hellene må av og det tørrmurte fudamentet må reparerast. Deretter vert hellene lagt på plass att.

**Vurdering**

Tiltaket er i liten grad tilgjengeleg for ålmenta, noko som er vektlagt i retningslinene. Trappa er elles i dårleg stand og treng vøling for å vere trygg å bruke og for at forfallet ikkje skal eskalere. Godt tiltak, men med dei avgrensa midlane HFK har til rådvelde ser vi ikkje å kunne støtte dette tiltaket i år.

Tilråding: Avslag.



### **Brakjekledd løe ephorte nr. 2159-48**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 113/1-2
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Osterøy
<b>Eigar:</b>	Erik Hordnes Fugledale 5281 Valestrandsfossen
<b>Kostnad:</b>	538 500
<b>Søknadssum:</b>	150 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

#### Kulturminnet

Tradisjonell grindbygd løe med brakjekledning frå 1920. Løa har tørrmura kjellar som inneheld flor. Taket har dråpeskifer og rasteheller.

#### Tiltaket

Omfattande restaurering av både primærkonstruksjonen, taktekking, kledning og golv.

#### Vurdering

Det vert stadig færre av dei brakjekleddene løene, derfor er det viktig å prioritere desse. Osterøy er kjerneområde for denne kledningstypen og den er ikkje kjend utanfor Hordaland. Å kle ein brakjevegg er ressurskrevjande; både henting av brakje og montering/fletting på veggen tek tid. Vi vurderer tiltaket som stønadsverdig og tilrår støtte. Tiltaket er og veileigna som arena for kunnskapsoverføring i tradisjonshandverk.

Tilrår kr 30000,-



### Løabygning i tørrmur ePhorte nr. 15/2159-49

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 40/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Radøy
<b>Eigar:</b>	Solveiq Sævdal Radøyvegen 1631
<b>Kostnad:</b>	272 344
<b>Søknadssum:</b>	70 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	20 000

#### Kulturminnet

Løa er bygd i grindverk med steinmurar langs heile sør- og vestveggen. I tillegg er kjellaren med den opphavlege floren og eit tilbygg mot aust i tørrmur. Taket er tekt med torv. Bygningen har stavkonstruksjon med sidesvalar, noko som er eit alderdommeleg trekk.

#### Tiltaket

Restaurering av steinmur i langvegen mot sør-søraust. Veggen har sige ut og er ferd med å miste binding mellom vangane, noko som kan føre til at veggen rasar ut.

#### Vurdering

Steinløa er eit signalbygg for tørrmurartradisjonen i Radøy og i Nordhordland. Reparasjon av tørrmur er arbeidskrevjande og komplisert då det må fjernast relativt mykje stein før oppattbygging kan ta til. Løa og våningshuset utgjer eit lite kulturmiljø som viser restar etter den eldre byggeskikken i Radøy. Bygningen og kulturmiljøet den står i har høg formidlingsverdi. Det er mykje besøkt av skuleklassar og i samband med andre tilstelningar. Vi vurderer tiltaket til å vere både i tråd med retningslinene og stønadsverdig og vi tilrår tiltaket.

Tilrår kr 30000,-



## Uteflor i tørrmur      ePhorte nr 15/2159-50

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 105/7
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Åse Birkhauq Grønnestølsv. 23C, 5073 Bergen
<b>Kostnad:</b>	498 000
<b>Søknadssum:</b>	60 000
<b>Tilråding:</b>	25 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

### Kulturminnet

Uteflor på Søre Hjeltestad bygd i stein med solide dobbeltvanga kistemurar på langsider og opp til mønet i gavlane. Takkonstruksjon i tre tekt med bylgjeblekk. Dør og vindauge på eine langsida. Møkaluke i eine gavlen. Det er opplyst at floren skal vere frå 1930, men at dette og truleg viser til ei vøling som vart utført då og det er difor truleg at bygninga er eldre enn dette. Floren var i bruk til ut på 1950-talet


### Tiltaket

Tilskotet skal brukast til å setja i stand bygningen til ny bruk som atelier/galleri. Dette inneber ein mindre reparasjon i bygningskroppen av stein i den eine gavlveggen og mindre reparasjonar i murverket elles. Taket skal skiftast ut, luftast og isolerast. Veggene skal isolerast og overflatebehandlast, Golvet skal isolerast og helleleggjast (heller i betong).

### Vurdering

Deler av tiltaket er vurdert å falle inn under retningslinene. Dette istandsettingsprosjektet har klare planar for både restaurering og i høve til ny bruk. Vern gjennom bruk er med på å sikre vidareføring av bygningen/kulturminne. Det som i søknaden er beskrive som oppgradering (isolering av golv og tak) er ikkje stønadsverdig jmf.retningslinene, medan rehabiliteringa av murverket og gjenbruk av hellene i golvet er vurdert som stønadsverdig.

Tilrår: kr 25000,-



**Lita Notbu** ePhorte nr. 15/2159-51

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 45/5
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Os
<b>Eigar:</b>	Bjarte Helle og Elin Tuft Mobergsbakken 16 5200 OS
<b>Kostnad:</b>	312 145
<b>Søknadssum:</b>	39 745
<b>Tilråding:</b>	0
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

**Kulturminnet**

Lita notbu med vindeark med bølgeblekk på taket.

**Tiltaket**

Arbeidet er utført. Sjøbua var i så dårleg forfatning at ein valde å starte istandsetjing.


**Vurdering**

Eit viktig tiltak, men arbeidet er allereie gjort. I retningslinene står det at:

"Det kan ikkje søkjast midlar til tiltak som allereie er påbyrja, med mindre det er eit strakstiltak (lekkasje m.m.) og administrasjonen har godkjent at tiltaket kan påbyrjast før søknaden er handsama."

Administrasjonen i HFK har ikkje blitt informert om tiltaket før det starta opp, og vi finn ikkje at retningslinene opnar for at det kan løyvast midlar til tiltaket.

**Tilråd avslag**



**Tømra kvernhus      ePhorte nr 15/2159-52**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 76/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Tysnes
<b>Eigar:</b>	Lindveig Kaldefoss Eldholm 5682 Uggdalseid
<b>Kostnad:</b>	250 000
<b>Søknadssum:</b>	100 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	30 000

**Kulturminnet**

Tømra kvernhus ved Dalselva på Eldholm på Reksteren oppført ca 1850. Taket er tekt med skifer og det er liggande kledning på veggane. I Dalselva var det tidlegare fleire kvernhus, men dette er det einaste som står att i dag. Planen med istandsettinga er at kvernhuset skal nyttast i formidlingssamanheng; demonstrasjon av kverning av korn for for t.d. skuleklassar.

**Tiltaket**

Sette i stand tak; dvs ta av takskifer, byte ut råteskadd sutak og sperr, legge ny papp, sløyfer, lekter og legge opp att den skiferen som er i god nok stand. I tillegg skal dårleg kledning skiftast ut med ny kledning av same kvalitet og dimensjon som den gamle. Slåk og kvernkall skal settast i stand på lengre sikt.

**Vurdering**

I følge retningslinene skal midlane nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet. Dette tiltaket har det blitt løvyd midlar til i 2015 og vi vil følge opp dette istandsettingsarbeidet i 2016. Vi finn tiltaket stønadsverdig og tilrår støtte.

Tilrår kr 30000,-



**Tømra kvernhaus      ePhorte nr 15/2159-54**

**Askeladden ID:** Gnr/Bnr - 1245-36/3  
**Tilstandsgrad:**  
**Kommune:** Sund  
**Eigar:** Hilde M Moen på vegne av sameiget

**Kostnad:** 275 000  
**Søknadssum:** 160 000  
**Tilråding:** 25 000  
**Sum tilskot siste 5 åra:** 100 000

#### Kulturminnet

Laftabygg med omfattande murarbeid i slokjelegja/renne. Kverna er restaurert under Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram på kulturminneområdet 2006-2010 og er ei del av prosjektet "Perler i Nordsjøløypa". Det utvendige og noko av det innvendige restaureringsarbeidet er ferdig, men det manglar ein del innvendig for at kverna kan bli ein lekk i verdiskapinga.

#### Tiltaket

Målet er å få fullført arbeidet og ferdigstilt kverna, slik ho kan brukast i skule- og reislivssamanheng.

Arbeid som skal utførast er: -- laga nytt slok fra steinrenna til vasshjulet/kallen.-Stengeluke ved steinrenne  
-Stemmeluke med stemmestong som kan opererast fra innsida - laga lettetre og stilletre  
- laga grimetre - Laga flondre/grunnmus tilpassa kall med spenår /vasshjul som skal gjenbrukast.  
-Montere kall med vasshjul

Alle desse ovannemde tinga har vanskelig tilkomst da det i dag står vatn under heile kverna. Her må lagast stillas i vassoverflata under heile kverna slik at det er råd å koma til å montera dei forskjellige delane.

#### Vurdering


Eit omfattande istandsettingsprosjekt med høg formidlingsverdi. Eit kulturminne som, når det er ferdig istandsett, vil kome ålmenta til gode. I følgje retningslinene kan tilskot inngå som medfinansiering av kommunalt støtta prosjekt. "Midlane kan nyttast til medfinansiering av kommunale tilskotsordningar for kulturminnevern."

Retningslinene opnar og opp for skjønn i forhold til kulturminneverdi og " i kva grad tiltaket kjem ålmenta til gode."

Vi vurderer dette som eit viktig kulturminne og finn søknaden stønadsverdig.

Søknadssummen er høg i høve til dei midlane vi har til rådvelde, og tilrådinga er ei medfinansiering av tiltaket.

Tilrår kr 25000



**Samanb. anl. (Husmannsplass) ePhorte nr. 15/2159-55**

**Askeladden ID:** Gnr/Bnr - 21/6  
**Tilstandsgrad:**  
**Kommune:** Kvam  
**Eigar:** Skeie- Rubio Liv Helena

**Kostnad:** 17 000  
**Søknadssum:** 20 000  
**Tilråding:** 0  
**Sum tilskot siste 5 åra:** 40 000

**Kulturminnet**

Samanbygd husmannsplass frå 1787 med tømra stove med lem og liten gang, eldre tømra røykstove og løe med tre grindar i lauvtre. Primærkonstruksjon i laft og grindverk. Sperretak over heile anlegget med ulik tekking: villheller, torvtak og rastaheller. Anlegget har og bindingsverk, mur m.m. og står på to små kjellarar.

**Tiltaket**

Istandsetting av eit stovevindaug; dvs byte ut råteskadd treverk og spunse i nytt samt kitting og maling. Utskifting av ein berestokk under takhellene. Her må ein finne ei løysing som gjer at stokken kan skiftast utan å ta ned takhellene, om ikkje kan dette bli eit større og dyrare tiltak.

**Vurdering**

Husmannsplassen er eit godt døme som viser dei stegvise utviklingstrinna i bygningshistorien. Det er få att av husmannsplassar som er uendra som denne.

Søknadssummen er høgare enn den totale kostnaden. Hordaland fylkeskommune har lite midlar til rådvelde og vi finn å ikkje kunne prioritere denne søknaden, sidan det allereie løyvd kr. 40.000 til arbeidet på husmannsplassen.

Tilråd avslag.



### Den Trondhjemske postveg ePhorte nr. 15/2159-56

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 93/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Lindås
<b>Eigar:</b>	Anders Konglevoll Konglevoll 19 5956 Hundvin
<b>Kostnad:</b>	56562
<b>Søknadssum:</b>	20000
<b>Tilråding:</b>	0
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	10000

#### Kulturminne

Del av den Trondhjemske Postveg mellom Hundvin og Vågseidet i Lindås kommune, bygd mellom 1785 og 1810. Viktig samferdslehistorisk kulturminne.

#### Tiltaket

Rehabilitering av vegen (Trondhjemske postveg); dvs grøfting, drenering, grusing, hogging av tre og buskar langs vegen samt utbetring av mur.

#### Tilråding

Postvegane er viktige kulturminne som har stor bruksverdi for ålmenta. Statens vegvesen har i sin verneplan, tilrådd at denne strekninga vert freda. Samstundes arbeides det med planer om å utgreie vegen til bruk som ny gang/sykelsti. Vi finn det riktig å avvente denne handsaminga av denne søknaden til prosjektet med gang og sykkelsti er avklart.

I tillegg minner vi om at HFK har øyremerka midlar frå staten til postvegane i Hordaland.

Tilrår: Avslag frå Vern og vøl, men søknaden vert vurdert i høve til øyremerka midlar til postvegane i Hordaland.



### Rekkjetunet i Færevåg ePhorte nr. 15/2159-57

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr/Bnr - 36/3
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Tysnes
<b>Eigar:</b>	Åsne Sunniva Søreide Færevågvegen 75
<b>Kostnad:</b>	110 000
<b>Søknadssum:</b>	70 000
<b>Tilråding:</b>	50 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	70 000

#### Kulturminnet

Rekkjetunet på Færevåg er eit av dei best bevarte rekkjetuna vi har i Hordaland. Skykkje og stall er bygd saman, så følgjer stabburet og deretter våningshuset som er bygd saman med løe og flor. Storstova vart, i følgje tradisjonen, bygd i 1599.

#### Tiltaket

Reparasjon av lekkasjer i rastehelletak i løe, våningshus, stabbur og skykkje. Skifte ut dårleg kledning i våningshus, stabbur og løe.

#### Vurdering

Reparasjon av lekkasjer i tak er viktige strakstiltak for at skadeomfanget ikkje skal utvikle seg. I følgje retningslinene skal tiltak med høg eigenfinansiering prioriterast. Rekkjetunet består av fleire bygningar, og det trengst innsats langt ut over det det er naturleg å forvente av ein eigar berre til istandsetting. Slik sett er det pkt.6 i retningslinene: - Kulturminnet sin kulturminneverdi og viktighet av tiltaket. - som legitimerer tilrådinga. Vi vil og tilrå eigar å søkje Norsk kulturminnefond, UNI stiftinga og andre om støtte.

Tilrår:kr 50 000,-



**Tømra kvernhus ePhorte nr. 15/2163-58**

**Askeladden ID:** Gnr/Bnr - 63/11.

**Tilstandsgrad:**

**Kommune:** Radøy

**Eigar:** Arne Marås  
Slettevegen 172,  
5936 Manger.

**Kostnad:** 200 000

**Søknadssum:** 30 000

**Tilråding:** 25 000

**Sum tilskot siste 5 åra:** 0

**Kulturminnet**

Tømra kvernhus med torvtak. Det er murt grunn til huset, fint murt slok lega, med ovikahol, steinslok og intaksstemma i elva. Kvernhuset ligg liker ved ein mykje nytta tursti i området og er lett tilgjengeleg for omvisning og formidling.

**Tiltaket**

Legge om og reparere skader i taket. Sperrere kan vera brukande, noko av sutaket må bytast.

Veggene er tømra. Svillstokkane er rotne, dei må bytast. Stokkane under kvednagolvet, og golvet, kan truleg brukast. Heile huset må få ny kledning og det må monterast nye opplengjer.

Grunna dei rotne svillstokkane har huset sige og det måtte sagast av døra nede for å opna ho. Døra er i so dårleg stand at det må lagast ny.

**Vurdering**

Dette er eit av dei best bevarte kvernhusa i kommunen, trass omfattande skader. Kvernhuset ligg like ved mykje brukt tursti ved husmannsplass og er også prioritert i kulturminneplanen til Radøy kommune. Tiltaket vil ha stor formidling og opplevingsverdi. Ut frå retningslinjene skal ein og prioritere prosjekt med høg eigenfinansiering. Vi vurderer søknaden som stønadsverdig og tilrår støtte.

Tilrår kr 25000,-



**Vedskykkje** **ePhorte nr 15/2159-26**

**Askeladden ID:** Gnr/Bnr - 23/3  
**Tilstandsgrad:**  
**Kommune:** Osterøy  
**Eigar:** Atle Vedaa Toskedal Bruvik

**Kostnad:** 68 956  
**Søknadssum:** 20 687  
**Tilråding:** 20 000  
**Sum tilskot siste 5 åra:** 0

#### Kulturminne

Vedskykkje i grindverk på Vea i Veafjorden. Representant for enkle uthusbygningar knytt til ein spesiell bruk; nemleg tørking og lagring av ved for eksport til mellom anna Bergen. Istandsetting her vil gjerne bety vidareføring av både materiell og immateriell kunnskap.

#### Tiltaket

Istandsetting og dels kopibygging av ved skykkje på Vea i Veafjorden. Sperr og tak må byggast nytt og grindkonstruksjonen må demonterast og inspiserast. Dei delane av grinda som er brukande blir brukt vidare, medan bygningsdelar som er for mykje råteskadd vert kopierte. Tradisjonsberar Norvald Bukkestein (80), som er vaksen opp på nabogarden vil stå for arbeidet.

#### Vurdering

Følgjande vilkår må vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet.

Vedskykkjene i Veafjorden vitnar om ei tid då vedhogst representerte ei viktig inntektskjelde i bygdene kring Bergen. Tiltaket vil og vere viktig for kunnskapsinnhenting og overføring.

Tilrår kr 20000,-



### **Gamlahuset på Revheim ePhorte nr 15/2159-60**

<b>Askeladden ID:</b>	Gnr. / Bnr.: 7/1
<b>Tilstandsgrad:</b>	
<b>Kommune:</b>	Osterøy
<b>Eigar:</b>	Sigurd Revheim og Lillian Karin Bjørnseth 5282 Lonevåg
<b>Kostnad:</b>	590 250
<b>Søknadssum:</b>	100 000
<b>Tilråding:</b>	30 000
<b>Sum tilskot siste 5 åra:</b>	0

#### Kulturminnet

"Gamlahuset" var hovedhus på bruket (Haugane) fram til 1858, då det vart bygd nytt bustadhus. Gamlahuset er eit typisk vestlandshus, med valmtekte skytjer i begge endane, stova i sør, bu i nord og "døra" i midten. "Døra" kalla ein den kombinerte gongen og kjøkenet midt i huset. Huset vart flytta i 1833 og huset fekk då ny stove. Bua er ei tidlegare røykstove, noko ein ser av restar av sot på veggene, sjølv om deler av denne er høvla bort.

#### Tiltaket

Det er ein omfattande plan for istandsetting, der omlegging av tak, deler av kledningen og bygningselement som vindauge og dører må utbetrast. Tilsvarande og for grua og skorsteinen. I tillegg må alt av elektrisk skiftast ut. Denne installasjonen av kom i 1920.

#### Vurdering

Jf. Retningslinene må følgjande vilkår vere oppfylte for at tilskot skal kunne tildelast:

5.1. Midlane skal nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet.

Gamlahuset er del av eit tun som inneheld fleire bygningar. Som det eldste huset i tunet er det med og syner utviklingstrekk frå tidleg 1800 talet fram til i dag. Det er synt stor interesse og vilje til å sette huset i stand, og slik formidle kulturhistoria for generasjonar etter.

I dette høvet vil mesteparten av dei tiltaka som er omsøkte falle innafor kriteri i retningslinene, og vi tilrår støtte.

Tilråding 30 000



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00  
**[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)**